# FYLKESMANNEN I ROGALAND
Landbruksavdelinga


*Vår ref:. 2004/6840*
*Arkivnr.: 520*

*Dykkar ref:*
*Vår dato: 17.06.2004*


Landbruksdepartementet
Saksnr.: 2004/1007 Doknr.: 11
Mottatt: 23 JUN 2004 LP/57
Saksbeh.: AGL Ark.: 514
Kopi: Avskr.:


Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

## Merknader på forslag til forskrifter som regulerer erstatningsordningane i jordbruket

Det vert vist til dykkar skriv m/vedlegg 6.5.04.

Fylkesmannen i Rogaland har nokre merknader på forslag til forskrift om erstatning etter offentlege pålegg og restriksjonar i plante- og husdyrproduksjon.

I følgje § 14 skal søknad sendast til fylkesmannen. Med omsyn til planteproduksjon er vi skeptisk til at søknaden ikkje skal sendast til kommunen. Kommunen har god lokalkunnskap og har normalt ein del relevant informasjon om den enkelte landbrukseigedomen. For søkjaren er også kommunen ein meir naturleg førsteinstans.

Derimot er det i husdyrproduksjonen greitt at fylkesmannen er førsteinstans. Mattilsynet gir pålegg, og fylkesmannen betaler ut erstatning etter standard satsar (for eksempel ved atypisk skrapesjuke).

Det kan leggjast til at kommunen bør få kopi av brev frå fylkesmannen om utbetaling av erstatning.

Avslutningsvis nemner vi at det vil vera positivt for forvaltninga med eit felles rundskriv for alle ordningane som inneheld praktisk informasjon om satsar for erstatning osv.

Med helsing

Joar Oltedal
Ass. landbruksdirektør

Birger Aasland
Seniorkonsulent


*Saksbehandlar: Birger Aasland*
*Saksbehandlars telefon: 51 56 89 87*
*E-post: birger.aasland@fm-ro.stat.no*